

Musikkterapi i skulen – erfaringar frå eit implementeringsarbeid

(P) Presentasjon av praksiserfaringar

Foredragshaldar

Merete Hoel Roaldsnes, musikkterapeut/PhD i Giske kommune, Vigra og Godøy skule,
merroa@giske.kommune.no

Samandrag

Som musikkterapeut i skulen møter ein barn i mange ulike livssituasjonar, barn med ulike behov, utfordringar og ressursar. I tillegg til dei mellommenneskelege og musikalske møta med elevane, skal musikkterapeuten ta del i eit praksisfellesskap og samarbeide med lærarar og andre yrkesgrupper. Skulen driv også utviklingsarbeid, med fagutvikling og prosjektarbeid, som musikkterapeuten ofte må forhalde seg til. Musikkterapeuten kan også samarbeide med andre instansar i og utanfor kommunen, og ha dialog med heimen til barnet. Musikkterapipraksis i skulen er difor ein svært mangfoldig praksis, og er gjerne prega av høg intensitet og aktivitet. I dette innlegget vil erfaringar frå ein musikkterapipraksis ved to skular i Giske kommune bli presentert. Musikkterapien på dei to skulane er ein integrert del i opplæringstilbodet, og er forankra i både det spesialpedagogiske arbeidet og i skulane sitt arbeid med psykisk helse. Erfaringar frå musikkterapien, musikkterapeutens rolle på skulane, fordelar og utfordringar ved musikkterapien som integrert del i skulekvardagen, er blant tema som blir tatt opp i presentasjonen. I tillegg vil fagpolitiske og organisatoriske spørsmål knytt til implementeringsprosessen bli diskutert. Fagfornyninga, ein nasjonal omstillingsprosess som pågår i skulen, er blant perspektiva som blir trekt inn i diskusjonen.

Referansar

Ringereide, K. & Thorkildesen, S. L. (2019). *Folkehelse og livsmestring i skolen*. Oslo: Pedlex.